


Museumsdag med fotoutstilling og konsert

30.06.2010



**Museumsdagen 2010 tar form og vil by både på konsert og fotoutstilling.**

**Dagen er sundag 22. august og programmet varer som vanleg i 3 timer - fra 14 til 17.**

Det startar med friluftsgudsteneste ved Gunnar Kjærland og held fram med utstillinga i Lemstova.

Der blir foto og fotoutstyr presentert og temaet er 'Views from Norway'.

Det handlar om Kristian (Christen eller Chris) Pedersen Myklebust (1869/1936) frå Uskedalen, som reiste til USA og slo seg ned som fotograf med eige studio i Eagle Grove i Iowa.

Han drog attende til gamlelandet og tok mange bilete 4 gonger. Han var slett ingen amatør, han var så dyktig at han var representert i den vidgjetne utstillinga under utvandrarjubileet i 1985. Myklebust nytta 'Views from Norway' som ein fellesvignett over bileta han selde etter turane hit.

Truleg var han gjest under eit bryllup i Uskedalen i 1898 og kom att i 1905 og 1914. Når den siste vitjinga fann stad veit ein ikkje.

Resultatet av desse turane vil ein få sjå mange døme på i utstillinga.

Konserten i Røykstova under Museumsdagen blir ved uskedelingen Gjermund Fredheim (gitar) og Silje Hveem (fløyte)

Det blir som vanleg matsal ved ungdomslaget og aktivitetar for born.

Og hvis det er nok vatn, går kverna!

Av Ola Matti Mathisen